

# 5

## Opprydding etter at produksjonen er slutt



Ekofisktanken før og etter disponering



**Figur 5.1** Bore- og produksjonsplattforma DP2, som skal fjernast på Friggfeltet  
(Kjelde: TOTAL E&P NORGE AS)

Petroleumsverksemda lånar havet, og alle fasar av olje- og gassverksemda skal ta omsyn til miljøet og andre brukarar av havet. Utgangspunktet er at når verksemda er slutt, skal alt vera rydda og fjerna.

Olje- og energidepartementet har til no behandla over 10 avslutningsplanar. I dei fleste av sakene er det bestemt at utrangerte installasjonar skal fjernast og tas til land, til dømes Odin, Nordøst-Frigg, Øst-Frigg og Lille-Frigg. Avslutningsplanane for Ekofisk I og Frigg er dei to siste avslutningsplanane som har vore til behandling. Arbeidet med å fjerna innretningane på Friggfeltet og delar av Ekofisk skal etter planen ta til i 2005. Under behandlinga av avslutningsplanane for Ekofisk I og Frigg vart det òg gjeve løyve til å etterlata betong-understellet med vernevegg på Ekofisk-tanken og betongunderstellet TCP2 på Friggfeltet.

### Regelverk

Når ei innretning på norsk kontinentalsokkel skal disponerast, tek ein i bruk både nasjonalt og internasjonalt regelverk.

Petroleumslova av 1996 regulerer disponering eller avvikling av innretningar. I tillegg til petroleumslova regulerer OSPAR-konvensjonen (Konvensjon om vern av det marine miljøet i det nordaustlege Atlanterhavet) disponeringa av innretningane våre. OSPAR-vedtak 98/3 om disponering av utrangerte offshoreinstallasjonar tok til å gjelda 9. februar 1999 og legg føringar for kva for disponeringsalternativ som er akseptable for ulike typar innretningar til havs. Vedtaket omfattar ikkje rørleidningar, delar av ei innretning som ligg under havbotnen, og ankerfundamentet i betong som ikkje er til hinder for fiskeria.

Vedtaket inneber at det er forbode å dumpa og å lata etter seg heilt eller delvis utrangerte offshore-

installasjonar i sjøområdet. Det kan gjerast unntak frå forbodet for somme installasjonar eller delar av installasjonar dersom ei samla vurdering i det aktuelle tilfellet viser at det er sterke grunnar for disponering i sjøen.

Dersom det blir søkt om unntak frå OSPAR-vedtak om ilandføring, skal det gjennomførast ein konsultasjonsprosess i OSPAR-systemet. Styresmaktene i landet gjer endeleg vedtak og skriv ut eit eventuelt løyve til å gjera unntak. Mange krav må oppfyllest før det kan gjevast eit slikt løyve. Noreg har til no hatt to unntak frå OSPAR-vedtaket om ilandføring. Som nemnt er det gjeve løyve til å etterlata betongunderstellet med vernevegg til Ekofisk-tanken og betongunderstellet TCP2 på Friggfeltet.

For rørleidningar og kablar gjeld retningslinene som står i Stortingsmelding nr. 47 (1999–2000) *Disponering av utrangerte rørleidningar og kablar*. Som ein generell regel kan rørleidningar og kablar etterlatast når dei ikkje er til ulempe eller utgjer ein risiko for botnfiske, vurdert ut frå kostnadene med nedgraving, tildekking eller fjerning.

### Avslutningsplan

Lovverket krev at rettshavaren som hovudregel skal leggja fram ein avslutningsplan for departementet to til fem år før løyvet går ut eller blir oppgjeve, eller bruken av ei innretning endeleg tek slutt.

Avslutningsplanen skal ha to hovuddelar: ein disponeringsdel og ei konsekvensutgreiing. Disponeringsdelen skal vurderast av Olje- og energidepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet (tryggleiksspørsmål). Olje- og energidepartementet koordinerer den offentlege høyringa av konsekvensutgreiinga.

På bakgrunn av konsekvensutgreiinga og høyringsfråsegnene, og disponeringsdelen og vurde-

ringa av denne delen, utarbeider Olje- og energidepartementet eit framlegg til kongeleg resolusjon og fremjar det for regjeringa. Når det er søkt om unntak frå OSPAR-vedtaket om ilandføring, skal saka leggjast fram for Stortinget.

### Ansvar

Når det blir gjort vedtak om etterlating, seier lovverket at rettshavarane framleis har ansvaret for skade eller ulempe som skjer med vilje eller av aktløyse i samband med den etterlatne innretninga. Men rettshavarane og staten kan avtala at framtidig vedlikehald og ansvar skal overførast til staten mot ein avtalefesta økonomisk kompensasjon.



